

Veg i Vest



BEDRIFTSAVIS FOR VEGVESENET I HORDALAND

VEGDIREKTORATET
19. MAI 1980
BIBLIOTEKET



Veg i Vest

Nr. 3 1979 Årg. 3

Redaktør:
Ragnhild Øverland
Arnesen

Redaksjonsråd:
Josef Martinsen
Per S. Myhren
Bjørn Langedal
Konrad Ulvatn
Asbjørn Berge
Carlo Jacobsen

Opplag: 2.000

Forsidebilde:

Vel fortjent pause
under stikking i
Andås-tunnelen. Noen
drar kanskje kjensel på
de to som er opp-
synsmannsassistent
Arne Solheim (t.v.)
og praktikant Mette
Aasland. Det er Mette
Aasland som har
tegnet fra sin egen
arbeidssituasjon.

**Lay-out, trykk
og distribusjon:**
Bergens Tidende/
J.W. Eide,
Bergen.

INNHOOLD:

	Side
«Veg i Vest» om sysselsetting	3
Vegsjefen har ordet	4
Sysselsettingen i anleggsdriften	6
Hovedtillitsmannens 3 min.	5
Vedlikehold overtar 24 mann	7
Riksvegbudsjettet 1980	8
De andre bygger veger —	9
Frå 10 til 7 vedlikeholdsområde?	12
Vedlikeholdskonferansen på Voss	13
Trafikksikringsarbeidet	16
Ordet fritt	17
Vinterforberedelsene	19
Endeleg slepp Ytre Arna trafikken	21
Arnanipatunnelen	22
Arbeidet for bedre arbeidsmiljø	23
Likestilling	24
Askøybru — eller ikke?	26
Vest er verst!	27
Apropos møter	29
Olje- og energisparing	30
Gløtt fra biltilsynet	31
Ny førerkortavdeling	33
Ny vektstasjon på Seljestad	34
Aksjon skuleveg	35
Opplæring i biltilsynet	37
Glattkjøring problematisk i Bergen	38
Biltilsynsmøte på Solstrand	39
Endringer og utvikling vil vi alltid oppleve	40
Begynte for 1 krone timen	42
Kursspalten	43
Intern informasjon	45
Arbeidsmiljøspalten	46
Personalnytt	48
Vi gratulerer	50
Siste vinter i Stalheimskleivene	51
Sport	53
Populært bilrebusløp	54

«Veg i Vest» om sysselsettingsproblema

«Veg i Vest» er noko ute av ruta. Mange har spurt kvar bladet blir av, og spørsmålet vart og teke opp i møtet i Samarbeidsutvalet i november. Vi er glade for at interessa for avisa er stor, slik at ho vert sakna når ho ikkje kjem, og vi seier oss leie for at det blei slik denne hausten. Uventa hendingar kan ofte gje store ringverknader. Dette førte til ei prioritering av arbeidsoppgåvene som diverre måtte gå ut over bedriftsbladet denne gongen.

Bladet skal etter regelen koma ut fire gonger i året, og redaksjonsrådet har teke opp spørsmålet om det er mogeleg å utvida til fem nummer i året. Det er ikkje teke stilling til dette enno, men det ville vera ein føremon om det ikkje går så lang tid mellom kvart nummer.

I dette nummeret av bedriftsbladet — som er eit haustnummer meir enn eit julenummer — har vi lagt ein viss vekt på spørsmålet om sysselsettinga neste år. Det er vel klårt for alle at innstramningar og budsjett som er sterkt reduserte, vil verke inn på arbeidssituasjonen i vegvesenet.

Vi meiner difor det er viktig å drøfta saka på så breid basis som mogeleg, og har innlegg både frå vegsjefen, hovudtillitsmannen, anleggssjefen og vedlikehaldsavdelinga om nett dette. Dersom du har lyst til å seie noko i samband med dette, om du har synspunkt eller kommentarar, tek vi gjerne i mot det. Vi er absolutt opne for aktuell debatt i bladet vårt.

Send inn det du har på hjarta til «Veg i Vest», C. Sundts gt. 64, 5011 Nordnes, helst innan **15. januar 1980**. Vi vonar å få ut eit nytt nummer av bladet omkring februar.

Red.

Vegbudsjettet og sysselsettinga



Statsvegbudsjettet for 1980 er lagt fram, og det viser at det til riksveganlegg i Hordaland er ført opp 217,9 mill.kroner. Tilsvarende tal for i år er 225,8 mill.kroner. Nedgangen i løyving frå 1979 til 1980 er større enn tala viser då vi må rekne med fortsatt prisstigning.

I desember skal fylkestinget behandle fylkesvegbudsjettet. Det er grunn til å rekne med reduserte løyvingar også til fylkesveganlegga.

Vi har hatt stor nedgang i løyvingane både til riks- og fylkesveganlegga for 1978-79. Vi har delvis kunna motverke dette ved at vi til riksveganlegga har fått lånt 5 mill. kroner i andre fylke, og på fylkesveganlegga hadde vi unytta løyvingar frå 1978 som er brukt i år. I tillegg har det vore nødvendig å vere varsom med igangsetting av arbeid som krev mykje midlar pr. arbeidstime, som t.d. tunneldrift. Neste år har vi ikkje unytta løyvingar frå før, og vi kan heller ikkje rekne med å få låne midlar i andre fylke. I 1980 blir det difor vanskeleg å halde alle i rasjonelt, meningsfylt arbeid utan å

gå til oppseiing av folk. Det blir nødvendig i større utstrekning enn i år å utsetje arbeid som er dyrt pr. timeverk. I tillegg må vi setje bort mindre arbeid på entreprisen. Ved entreprisarbeid må vi også sikre oss retten til å få inn våre egne folk.

Vedlikehaldsavdelinga vil ved oppsettinga av driftsplanar så langt råd er ta med arbeid som koster lite pr. timeverk og utsetje andre «dyre» arbeid. Ein stor del av vedlikehaldsmidlane går til svarte dekke. Det vil bli vurdert om vi kan utsetje delar av dekkeprogrammet for neste år, for å bruke innsparte midlar til meir arbeidskrevjande tiltak.

Med eit slikt opplegg ser det likevel ut for at vi også neste år kan drive rasjonell vegarbeidsdrift utan å gå til oppseiing av folk. Det blir nødvendig med meir flytting og omstokking av folk enn tidligare, og i tillegg må kanskje enkelte rekne med meir uvant arbeid. Arbeidsreisene kan også bli lenger for enkelte.

Vi kan ikkje fylgje eit driftsopplegg som eg har skissert i mange år framover. Vi må også bygge dyre tunnelar og bruer. Det er på fleire av desse store prosjekta vi kan få inn store bompengemidlar som også gjev mange arbeid. Vi må stå klar til å ta imot midlar til utbygging av vårt vegnett kvar dei enn kjem frå. Vi får ta eit år av gangen, og det er mi tru at våre politikarar ikkje vil fortsetje å redusere vegløyvingane til Hordaland når vi ser det store behov vi har for vegar nær sagt over alt i fylket.

Josef Martinsen

Sysselsettingen i anleggsdriften

— *Målet er å unngå innskrenkninger*

Av anleggsjef
Nils H. Sellevold

Stortinget la i høst fram forslag til riksvegbudsjettet for 1980. En sammenligning mellom riksvegbudsjettene for årene 1978-79-80 viser at vi har fått en klar nedgang de to siste årene. Det er også grunn til å tro at det vil bli bevilget mindre til fylkesveger.

Slike nedskjæringer får konsekvenser for anleggsdriften vår. Antallet tjenestemenn var tilpasset de bevilgningene vi hadde i 1978. Fordi det totale arbeidsomfanget nå er skåret ned, vil det også være nødvendig å redusere antallet faste arbeidsplasser i anleggsdriften. Jeg håper at dette skal la seg gjøre ved naturlig avgang. Det har forøvrig ikke vært ansatt nye folk i anleggsdriften siden august 1978.

På grunnlag av de bevilgningene vi har fått, har vi utarbeidet byggeprogram for 1980. Her er det i første rekke tatt hensyn til at vi skal ha en effektiv og rasjonell drift. En rekke store anlegg skal settes under trafikk i løpet av 1980 og forholdsvis store summer vil gå med til overbygningsarbeid og ferdiggjøring. Av disse anleggene nevner jeg E-68 Tunnes—Indre Arna—Espeland, Rv 560 Vågsbotn—Indre Arna, E-68 Sogn og Fjordane gr.—Vinje (Stalheim), E-68 Haga—Ådland, Rv 13 gjennom Vaksdal, Rv 14 Leirvik—Førland m.fl. På noen av disse anleggene vil det foregå etterarbeider også i 1981. De reduserte bevilgninger fører også til at to av tunnelriggene våre vil stå ledige i deler av året, fordi planlagte tunnelprosjekter må skyves ut i tid.

I byggeprogrammet har vi også søkt å sørge for full sysselsetting av egne folk. For at dette skal bli mulig er entreprisandelen skåret ned til et minimum. I

1980 vil det stort sett bare være større bruer og ferjekaier som blir satt bort til private entreprenører. Alle mindre betongarbeider vil bli utført i egen regi. På enkelte av de større anleggene som skal åpnes for trafikk kan det likevel være nødvendig med mindre entrepriser for at framdriftsplanene skal holde. Vi har også i byggeprogrammet forutsatt at en del prosjekter blir finansiert med bompenger. Dette gjelder bl.a. Austmannalia der vi har planlagt å ta til etter sommerferien 1980.

Dersom vi skal kunne sikre full sysselsetting i 1980 er det absolutt nødvendig at framdriftsplanene følges, og at vi ikke pådrar oss overskridelser. Dersom et anlegg blir dyrere enn forutsatt vil det bli nødvendig å slutte av arbeidet på anlegget før året er omme. Vi har ingen «reserve» å ta av. En forutsetning for at vi skal kunne holde byggeprogrammet er at hver mann utnytter hele arbeidsdagen effektivt og at vi arbeider sammen for å få effektiv utnyttelse av alle ressursene vi rår over. Jeg vil be om at anleggsledelsen og tjenestemennene i driften samarbeider om dette for å oppnå et best mulig resultat. Jeg ber også om forståelse for at det kan bli nødvendig å skifte av arbeidssted oftere, uten forutgående varsling. Med en positiv innstilling og god arbeidsinnsats fra alle parter håper jeg at innskrenkninger ikke skal bli nødvendig.



Har vegvesenet i Hordaland sysselsettingsproblemer?

I forbindelse med Samferdselskomiteens besøk i Hordaland leste man i «Bergens Tidende» følgende uttalelse fra vegsjefen:

«På grunn av reduserte bevilgninger til veibygging, er det fare for at Vegkontoret i Hordaland må si opp en del av sine veiarbeidere. — Det foreligger foreløpig ingen konkrete planar om dette, men det er klart at vi bør gå til et slikt skritt dersom vi skal drive rasjonelt»,

Ca. fjorten dager senere leser man i samme avis (Bergens Tidende) at *Hordaland topper veibevilgningene med 207,9 millioner.*

Etter denne uttalelsen fra vegsjefen fikk jeg en del telefoner fra arbeidstakerne med spørsmål om det ville bli oppsigelser i vegvesenet.

Som hovedtillitsmann i fylket hadde ikke jeg kjennskap til om det forelå slike planer, men var kjent med den nedskjæring av budsjettene som Regjeringen hadde foretatt tidligere i år.

Med bakgrunn i at en del større anlegg blir ferdig og at arbeid med mindre vei-prosjekt, småbruer og murer, blir satt i gang for å holde sysselsettingen, vil det kanskje bli til hyppigere flytting for de ansatte i driften, men med den situasjon vi står overfor må vi finne oss i det. Hovedmålet for oss som er ansatt i Statens vegvesen er at vi får utført mest mulig i egen regi og at vi kan konkurrere

med de private på lønnsomhetsprinsippet. Det vil igjen si at alle må være innstilt på å gjøre en god jobb i vegvesenet. Her tenker jeg ikke bare på arbeidstakerne ute i driften, men like mye på administrasjonen.

Det har vært foretatt en prøveordning med bruk av fremmøteprotokoll og nytt skjema for prosessføring. Denne prøven er nå avsluttet og det skal vurderes om man skal gjennomføre den i hele fylket.

Før prøveordningen ble satt i gang kom det frem en del kritikk om at arbeidstiden ikke ble holdt.

Arbeidstiden skulle være en grei sak. Som arbeidstaker har vi lønn for den tiden vi er i arbeid og da er det vår plikt å holde arbeidstiden.

En vesentlig ting er at alle må ha interesse av å ha arbeid i den tiden man er på arbeid. Her tror jeg det er en hel del å hente inn både når det gjelder maskiner og annen arbeidskraft vi har til disposisjon.

Jeg stiller meg ofte spørsmålet — er vi flinke nok til å planlegge vårt arbeid og utnytte den arbeidstiden vi har?

Kan dette være aktuelt å diskutere på byggemøtene våre?

Jeg håper fortsatt at vi har en sikker arbeidsplass i vegvesenet og at vi ikke kommer opp i den situasjon som vegsjefen antydte.

Jens Tveit Aga

SYSSELSETTINGEN I VINTER:

Vedlikehold overtar 24 mann

Reduserte bevilgninger har ført til vanskelige sysselsettingsforhold for vegvesenet i Hordaland. For å unngå oppsigelser har en vært nødt til å foreta visse endringer i arbeidsopplegget for neste år, blant annet innen vedlikeholdet.

Driftstiltak

— Arbeidsopplegget for neste år innebærer en klar endring i forhold til tidligere, forteller avdelingsingeniør Kjell Hisdal. — Vi har planlagt en økning når det gjelder utføring av driftstiltak, eller arbeidsoppgaver av mer anleggsmessig karakter. Midlene til dette må vi i første rekke ta fra dekkevedlikeholdet. Det vil imidlertid ikke gå vesentlig ut over fornyelsestakten for vegdekkene. Vi regner med å fornye omtrent det samme antall kilometer som tidligere år, men satser sterkere enn før på billigere dekketyper.

Oljegrusfolk

Med dette opplegget regner vi med å sysselsette 24 mann i tillegg til den faste arbeidsstyrken på vedlikeholdet. Dette gjelder i første rekke oljegrusfolk, som før har vært engasjert av vedlikeholdsavdelingen fra april til oktober/november, men som ellers i året har arbeidet på anlegg. Anleggsavdelingen har imidlertid problemer med å opprettholde sysselsettingen med de reduserte anleggsmidler som er til rådighet, derfor må vedlikeholdet nå ta hånd om disse hele året, forteller Hisdal. Det er meningen at de skal utføre forarbeid i forbindelse med dekkeleggingsprogrammet, f.eks. mindre vegutvidelser, møteplasser, grøftesprenning og dreneringsoppgaver.

Koordinering

Forutsetningen for å gjennomføre dette er en sterk koordinering og samarbeid mellom anlegg og vedlikehold. Derfor vil også byggeprogrammet til de to avdelingene måtte samordnes og koordineres, påpeker Hisdal. Byggeprogrammet for begge avdelingene vil vi komme tilbake til i neste nummer av «Veg i Vest».

Vedlikeholdsavdelingens byggeprogram er satt opp i samarbeid med vegmestrene, og en har i størst mulig utstrekning prøvd å legge arbeidsoppgavene slik til rette at folkene kan bo på hjemstedet sitt.

— Vi håper at dette opplegget, som for øvrig er i tråd med vårt nye opplegg i vedlikeholdsdriften, kan løse en del av sysselsettingsproblemene i vinter, sier Hisdal.

Røa.



44 millionar lågare enn i 1978

— Utdrag frå Stortingsproposisjon nr. 1 om samferdselsbudsjettet

Riksvegbudsjettet 1980

Regjeringa sitt forslag til riksvegbudsjett for 1980 vart lagt fram fredag 5. oktober. Der går det fram at det skal løyvast 217,9 mill. kroner til riksveganlegg i Hordaland i 1980. Det er eit stort tal — faktisk det høgaste mellom fylkene — men reknar vi om 1978- og 1979-løyvingane til 1980-prisnivå, så vil det seie at vi får ein reduksjon i løyvingane på 44 mill. kroner i høve til 1978-løyvinga, og på 20 mill. kroner i høve til 1979.

Det er ikkje tvil om at «gullalderen» for vegvesenet er over. Med det oversynet vi har i dag, ser det ikkje ut til å bli nødvendig med oppseiingar av folk i 1980, men løyvingane er no komne ned på eit så lågt nivå, at vi nærmer oss grensa for rasjonell drift med den arbeidsstokken vi har. Den konkrete fordelinga på anlegg vil vi komme attende til i neste nummer av «Veg i Vest» i ein presentasjon av byggjeprogrammet for 1980.

Bompengar på Haukeli

Av andre ting som direkte gjeld vegvesenet i Hordaland kan nemnast at bompengoordninga på Haukelivegen vil verta forlengta fram til utgangen av 1990, og at

desse bompengane skal nyttast til nybygging av Austmannalia, Hordalia og vegen gjennom Røldal sentrum.

Arbeidet med nybygget i Fyllingsdalen for vegkontoret og biltilsynet skal ta til i midten av 1980. Kostnadene er sett til 49,3 mill. kroner.

Nye/gamle riksvegar

Vegen frå Knarvik til Eikanger i Lindås er i dag dels fylkes-/kommunal veg. Desse strekningane, 11,3 km, vil no verta tekne opp som riksveg nr. 14.

Gamle riksvegar som vert erstatta av nyanlegg, vil ofte gå inn som delar av lokalvegnettet. Desse riksvegstreknin-gane må då leggjast ned som riksveg og omklassifiserast til fylkes-, kommunal- eller privat veg. Arbeidet med slike omklassifiseringssaker har i ein del år hatt låg prioritet, men i år er det gjort framlegg om at 37,7 km slik gammal riksveg vert nedlagt i Hordaland. For vegvesenet tyder dette mindre vedlikehald.

Per Steffen Myhren

*

Det var eit anlegg i ei bygd der ein svenske var bas. Litt nedanfor anlegget budde ei eldre kvinne i eit lite hus. Ein dag skulle ei større salve gå nokso nær dette huset. Svensken gjekk ned til kvinna, som sat og baka, og bad henne koma seg ut av huset og i sikkerheit, for dei skulle skyta. Nei, ho trudde ikkje det var turvande, ho var so van med denne skytinga no, og det gjekk alltid godt. Desutan hadde ho no Vår Herre med seg. — Nei, men mor lilla, det er inte nogon mann å liita på når jag skal skyta, svara svensken.

M. Skaar

DE ANDRE BYGGER VEGER — men vi vet mest om alt og alle!

Presentasjon av administrasjons- og økonomiavdelingen



v/adm.sjef Edgar
Aaland

Administrasjons- og økonomiavdelingen har i dag 43 ansatte. Avdelingens virksomhet er delt i en rekke servicefunksjoner:

- Personforvaltning
- Arkivtjeneste
- Skrive- og sentralbordtjeneste
- Regnskapsseksjon
- Diverse saksbehandlere

Personalforvaltning

Til personalarbeidet er det knyttet 5 personer. 4 av disse tar seg av de løpende



Fra v. Einar Ytre-Arne, Endre Grutle, Kurth Dalen og foran Kristine Lekve.

personalsaker som ansettelse, søknader om permisjoner, fastsettelse av lønnsansiennitet etc. Kristine Lekve tar seg av personalsaker for kontorpersonalet, inkludert biltilsynet, og er dessuten leder av sekretariatet (arkiv, skrive- og sentralbordtjenesten). Endre Grutle er saksbehandler for oppsynet og har pensjons-sakene for samtlige ansatte. For arbeiderne i utedriften er Einar Ytre-Arne og Kurth Dalen saksbehandlere.

I tillegg har vi Margrete Axelsen som driver med personal- og administrasjonsutvikling, det såkalte POU-arbeid. Hun er også engasjert i vegvesenets opplæringsvirksomhet.



«Her er jeg, hvor er du, i arbeidet om POU?»

Arkivtjenesten

Leder av arkivet er Bjørg Hestdal. Med seg i dette arbeidet har hun Turid Mørvik, Janne Takvam og Unni Børresen. Budet vårt på bildet, Guttorm Dale, er nettopp sluttet og er erstattet med Henrik Larsen, som er overflyttet fra utedriften.



Fra v.: Turid Morvik, Bjørg Hestdal, Janne Takvam, Guttorm Dale og Unni Børresen.

Arbeidsoppgavene er:

- å ta seg av inn- og utgående post
- journalføring og arkivering
- blankettekspedisjon og rekvisitabestilling for utedriften.

Til opplysning kan nevnes at det ble mottatt ca. 10.000 brev i 1978.

Arkivet fungerer også som forværelse for vegsjef, driftssjef og administrasjonssjef.

Turid Morvik er en av initiativtakerne til gammeldansen som arrangeres hver mandagskveld i kantine i C. Sundtsgt. 64. Som det fremgår av bildet er det ikke noe i veien med talentet.



Skrive- og sentralbordtjenesten

En del skrivearbeid utføres på de tekniske avdelingene. Skrivearbeidet for plan- og administrasjonsavdelingen og



Fra v.: Unni Kårbø, Gunn Øksnes, Ruth Haukenes.

sentralbordtjenesten i C. Sundtsgt. 64 har Gunn Øksnes, Ruth Haukenes og Unni Kårbø ansvaret for. Det er Unni Kårbø som vanligvis betjener sentralbordet (23 23 10).

Regnskapsseksjonen

Regnskapsseksjonen har 29 ansatte og ledes av John Børnsheim. Seksjonen er delt i 3 deler, lønningskontor, bokholderi og kassakontor.



Fra v.: Henry Birkeland, Lillian Hovland, Birger Angell-Hansen, Aslaug Amundsen, Egil Alsaker, Eli Bruknapp og Liv Langeland. Foran Jon Børnsheim og Gerd Flage.

Lønningskontoret ledes av Egil Alsaker. Sammen med sine kolleger svarer han på spørsmål om lønninger og reiseregninger. Birger Angell-Hansen og Henry Birkeland har for øvrig reiseregninger som sitt spesialfelt.




Fra v.: Max Johan Schille, Audhild Sørensen, Svein Wiik, Ellen Johnsen, Britt Kirkøen og Dagfinn Notnæs. Foran: Svein Hoff, Ruth Furhovden og Sissel Fjæreide Wiik.



Fra v.: Arvid Nilsen, Kåre Herland, Siri Larsen, Magnus T. Hansen og Øyvor Hauge Tveit. Foran Gunn Nordvik (t.v.) og Hildegunn Gausdal.

Bokholderiet har alt kontrollarbeid av fakturaer, interne vareleveranser m.m. På bildene ser vi disse sammen med dem som behandler avregningene for egne og fremmedmaskiner. Leder for bokholderiet er Ruth Furhovden.



Halvorine Røsdal (t.v.) og Solveig Gulli.

Vi har 4 halvdagspunsjere. 2 av damene, Anne-Lise Jacobsen og Olaug Brændø, var ikke tilstede da bildet ble tatt. Puncheleder er Øyvor Hauge Tveit.



— Kassen er tom, viser f.v. Svein Presthus, Torunn Myklebust og Anders Breivik.

Til kassakontoret er det knyttet 3 personer. Hovedkasserer er Svein Presthus. Som vi ser har reduksjonen i bevilgningene i 1979 satt sine spor.

Saksbehandlere

Som det fremgår av bildet, er det ansatt en rekke saksbehandlere ved adm. avdelingen.



Fra v.: Ragnhild Øverland Arnesen, Sølvi Wold, Margrete Axelsen og Anna Maria Måge. Foran Jon Olav Holvik (t.v.) og Bjørnvald Fjelde.

Bjørnvald Fjelde er vår økonomiske saksbehandler med budsjettarbeid og saker av økonomisk karakter som arbeidsfelt.

Ragnhild Øverland Arnesen er vår informasjonskonsulent og også kjent som redaktør av bedriftsavisen. Hun tar seg av den daglige kontakt med pressen og virker som rådgiver i informasjonsspørsmål overfor de tekniske avdelinger.

Anna Maria Måge er sekretær for Samarbeidsutvalget (SU) og for arbeidsmiljøutvalget (AMU). Hun er også sekretær for hyttestyret.

På administrasjonsavdelingen har vi også 2 jurister, Egil T. Pedersen og Erik Olsen. Pedersen har for tiden permisjon og vikar for han er Sølvi Wold. Erik Olsen var ikke til stede da bildet ble tatt. I tillegg til de 2 juristene har vi engasjert Jon Olav Holvik for et halvt år.

Frå 10 til 7 vedlikehaldsområde?

Framlegg frå administrasjonen vert vurdert i desse dagar

Det har skjedd ei sterk utvikling av vedlikehaldsarbeidet dei siste tiåra, og ei rekkje nye oppgåver er komne til. Veg- og brusamband, og ikkje minst telefon- og radiosamband er betra. 95 prosent av vegane har fått fast dekke og vedlikehaldsarbeidet på vegane er blitt enklare, slik at ein og kan ta seg av vedlikehaldet utenfor vegbana.

Trass i dette har vi framleis den same områdeinndelinga som blei oppretta då Hordaland innførte funksjonsdeling i drifta i byrjinga av 1960-åra.

Føremålstenleg

På vedlikehaldskonferansen i 1976 vart det stilt spørsmål om områdeinndelinga var føremålstenleg. Spørsmålet er og

teke opp i andre fylke, og t.d. Vestfold har redusert talet på vegmeisterområde frå 5 til 3, medan Vest-Agder vurderer å redusera frå 8 til 6.

Framlegg i -76


Etter konferansen i -76 blei saka lagt fram på eit møte hos vegsjefen, men foreninga til oppsynsmennene gjekk mot reduksjon av områdetalet.

Administrasjonen har vurdert utviklinga i dei to åra som er gått, og legg no igjen saka fram for vegmeistrane i ein eigen rapport. Det nye framlegget til områdeinndeling vart lagt fram på vedlikehaldskonferansen på Voss i oktober, og fristen for å komme med merknader er sett til 1. desember.

7 område

Ut frå ei samla vurdering er ein komne fram til at talet på vedlikehaldsområde kan reduserast frå 10 til 7. Grensene må då regulerast slik at dei, så langt råd er, fell saman med kommunegrensene. Vedlikehaldsområdene blir samla i distrikt med kvar sin distriktsleiar. Distriktsgrensene må så langt det let seg gjera falle saman med distriktgrensene for anlegg-, plan- og maskinavdelingane. Samarbeid med dei andre driftsavdelingane for best mogleg utnytting av ressursane er ein føresetnad. Dette må ein og ta omsyn til når budsjettet og byggjeprogram vert utarbeidd.

Ved vurderinga av områdeinndelinga er det teke særleg omsyn til at styrking av leiinga i størst mogleg grad må gå føre seg ved omgruppering av dei tenestemennene vi har, ikkje ved fleire stillingar.



VEDLIKEHALDSKONFERANSEN PÅ VOSS:

Fleksibilitet nøkkelordet for vedlikehaldet

Positiv røynsle med nytt konferanseopplegg

Vedlikeholdskonferansen, der vegmeistrane og leiinga ved vedlikehaldsavdelinga tek det, vart arrangert på Voss i tida 17.-19. oktober. Vel 40 deltakarar var med på konferansen, som i år fekk eit noko anna opplegg enn det som har

vore vanleg tidlegare. «Veg i Vest» har spurt driftssjefen, Jan Søylen, litt om bakgrunnen for opplegget og om resultatet av konferansen i år.

Desentralisering

— Vårt problem er at når vi freistar få betre styring med drifta, så kjem det eit moment av sterkare sentralisering inn i biletet. Dette har uheldige sider, mellom anna den at vi som sit sentralt ikkje kan ha detaljert oversikt over nødvendig

Kvart vegmeisterkontor bør ha vegmeister — oppsynsmann — oppsynsmannsassistent.

Kontor- og lagerfunksjonen må og styrkjast, slik at ein person får ansvar for kontor- og lønningsarbeid, statistikk, telefoneneste og kontakt med publikum.

Kartet s. 12 syner korleis ein har tenkt seg dei nye områda.

Områda vi bli:

- A. Nordhordland (kontor: Gjervik).
- B. Bergenshalvøya (Rådald).
- C. Voss (Voss).
- D. Midthordland (Norheimsund).
- E. Hardanger (Odda).
- F. Sunnhordland.
- G. Stord (Leirvik).

Plasseringa av kontoret for område F er ikkje bestemt.

Områdeendringane kan gjennomførast i 1980, med unnatak av Tysnes. Det er naturleg å knyte denne kommunen til

område D når Lukksund bru er ferdig, venteleg i midten av 1980-åra.

Saka vil bli drøfta på møte i Samarbeidsutvalet i desember.



VEDLIKEHOLDskonFERANSEN

arbeid som går føre seg ute. Eg ser det som ein viktig oppgåve å kombinere betre styring med desentralisering: vi må trekkje inn all røynsle og kunnskap som finst på grunnplanet og samstundes syte for at dei ute får sjanse og stimulans til å planleggje innanfor den ramma som blir trukke opp sentralt. Hovudføremålet er å få fram mest mogleg av den røynsle vedlikehaldet har. På denne vegen står vi i fåre for å køyre i grøtta på båe sider: anten ved for sterk styring, utan god nok kontakt med det som skjer, eller ved full desentralisering utan samordning.

Det er første gang vedlikehaldskonferansen har vore lagt opp slik at vegmeisterane i så stor grad har vore med på å forme resultatet.

Meininga var å få i stand mest mogleg systematisk diskusjon, mellom anna ved å gje så generelle gruppeoppgåver at deltakarane måtte konkretisere problema sjølv, fortel Søylen.

Nye oppgåver

Innleiarar til gruppearbeidet var avdelingsingeniør Kjell Hisdal frå vedlike-



Frå venstre rundt bordet: hovedtillitsmann Jens Tveit Aga, ing. Knut Viik, ing. Svein Utikilen, oppsynsm. Torbjørn Haugen, ing. Torgeir Eidsnes og vegmeister Frans Fransson.

haldsavdelinga og leiar for vedlikehaldskontoret i Vegkontoret, Kjell Levik. Levik sette spørjeteikn ved effektiviteten i vedlikehaldet og peikte på nye oppgåver. Mellom anna kan ein spreie oppgåvene til distrikta, som t.d. planlegging, stikking, grunnmålingsarbeid, kjøpekontraktar, leidningskryssingar o.l., diverse innkjøp og regionalsaker. Han meinte og det ville vera rett å plassere noko av leiinga frå vegkontoret ute i distriktet for å styrkje leiinga ute og kunne ta avgjerdene der tinga skjer.

Fleksibilitet

Hisdal peikte på fleksibilitet som nøkkelen til meir effektiv og rasjonell drift, især med dei reduserte midlane vi har til rådvelde. Han kom fram til ulike punkt der ein bør satse på omlegging av vedlikehaldsdrifta. Mellom anna må ein ta følgjene av at 95 prosent av riks- og fylkesvegane no har fast vegdekke. Arbeidsoppgåvene må endrast i retning av miljø- og trafikksikringsarbeid.

Hisdal meinte og at ressursane må nyttast utan tanke på lagsgrenser eller rodeinndeling og at samarbeidet med andre avdelingar må bli betre koordinert.

Gruppearbeidet

Gruppeoppgåvene var følgjande: «A) Hvilke oppgaver bør vedlikeholdet utføre i fremtiden, og hvordan bør det organiseres og bemannes for å løse disse oppgavene.

B) En viktig oppgave for vedlikeholdet i fremtiden blir samarbeidet med de øvrige driftsavdelingene. Skisser praktiske løsninger på dette samarbeidet på distriktsnivå.



«Frå gruppearbeidet på Voss. Samla i baren trå v.: Vegmeister Harald Magnussen, ing. Georg Bye-Pedersen, ing. Toralv Ramsøy, oppsynsmann Henrik Langhelle, ing. Svein Holmedal og oppsynsmann Tor Haslum.

C) Hvilke vegar bør vi gå for å oppnå bedre økonomi i vedlikeholdsdriften?» — Svara frå gruppene hadde eit særst høgt nivå, fortel Søilen. — Dei syner kor mykje kunnskapar og røynsle som er til stades og kor stor nytte vi kan ha av dette. Vi har no eit betre materiale å arbeide med enn tidlegare. Resultata frå konferansen må vi no vurdere og følgje opp.

Resultat

Resultata kan vi i store trekk summere opp slik:

- Det er skapt sterkare medvit om behovet for fleksibilitet i drifta.
- Det er skapt større forståing for at ein må ha vegvesenet totalt for auget, ikkje berre ein sektor.
- Det er eit klårt behov for fastare koordinering mellom driftsavdelingane og betre samarbeid med anleggs- og maskinavdelingane.
- Det er eit klårt behov for betre samordning innan distrikta, utan at ein er

bundne av tidlegare organisasjonsmønster (rodeinndeling o.a.)

- Maskinane må utnyttast betre.
- Det kom dessutan fram ei rekkje konkrete og nyttige framlegg om korleis effektiviteten kan betrast og ressursane nyttast betre.

Høgt nivå

— Målet med konferansen var å handsame ein del viktige spørsmål som peiker mot sjølve hovudmålet — ein effektiv og rasjonell drift. Vidare ville vi trekkje inn samla røynsle og skape diskusjon, og vi ville rette blikket framover, få fram idear om korleis vi ønskjer utviklinga. Det var eit ambisiøst mål, men konferansen blei svært positiv, med eit høgt diskusjonsnivå. Vi makta det vi ville, å setje drifta ute og verksemda til vegmeistrane i sentrum, er Søilen sin konklusjon etter den tre dagar lange konferansen.

Røa

Premiering av forslag

Torstein Haugen, Rådal, har kome med forslag i samband med den manuelle trafikkteilinga. Systemet som er skissert i forslaget gir betre oversikt, og i større kryss kan teilinga utførast av ein person i staden for to. Den lokale forslagsnemnda gjorde framlegg om ei premiering på kr. 500,- som vart godkjend i Samarbeidsutvalet i august i år.

Vi gratulerer Torstein Haugen!

Trafikksikringsarbeidet legges om fra 1. desember

I løpet av 1979 har det vært flere grupper i arbeid for å vurdere en omlegging av trafikksikringsarbeidet ved Hordaland Vegkontor. Resultatet av dette kan kort oppsummeres slik:

Det arbeidet som tidligere ble drevet av trafikavdelingen, vil fra 1. desember i år fordeles på andre avdelinger ved vegkontoret.

Planavdelingen overtar planlegging av trafikksikkerhetstiltak, skiltplanlegging for nye prosjekter, fartssoning, ulykkesregistrering og trafikklys.

Vedlikeholdsavdelingen overtar planlegging og utførelse av skilting og merking på eksisterende vegnett, behandling av avkjørsler og dispensasjoner av byggesaker, samt akseltrykk og ferjesaker.

Maskinavdelingen overtar lager- og verkstedfunksjonen i Rådalen.

Anleggsavdelingen overtar utførelsen av skilting og merking på nyanlegg.


Planavdelingen har opprettet en egen gruppe for trafikksikringsarbeidet. Den blir ledet av avd.ing. Inge Alsaker.

Vedlikeholdsavdelingen er omorganisert som planen under viser.

Avd.ing. Kjell Hisdal er stedfortreder for vedlikeholdssjefen.

Ing. Toralv M. Ramsøy vil inntil videre ta seg av opplæringen i skiltings- og merkingsarbeidet.

I forbindelse med omleggingen vil det bli utarbeidet nye rutiner for behandling av avkjørsels- og dispensasjonssaker.



Arbeidsplassen ute i vedlikeholdsdistriktet i dag

I dei seinare åra har arbeidstilhøva ute i vedlikeholdsdistrikta endra seg mykje. Bemanninga har gått ned, så i dag er det mest ikkje manuell arbeidskraft att. Det meste av arbeidet skal utførast med maskiner. Ein høyrer ofte at den og den arbeidsoppgåva skulle ha vore utført, men vi har ikkje mannskap til det. At sjåførar og maskinførarar vert nytta til manuelt arbeid når det ikkje er arbeid for maskinene er vel og bra, men at manuelt arbeid skal føre til stans i maskinparken, er vel ikkje meininga.

Den nye arbeidsmiljølova har og skapt problem. Skal ein fortsatt utføra same arbeid, tilseier det fleire personar å fordele arbeidet på. Eg tenkjer her på vintervedlikehaldet. I dag har vi ein maskinpark som kan halda vegane opne, men her og er det mannskapstyrken som er så liten, at vi ikkje får utnytta maskinparken.

Her er vi straks innpå eit problem som meir eller mindre finst på alle arbeidsplassar. Det er kontakt og forståing mellom den teoretisk oppsette arbeidsplanen og utføring av denne i praksis. Enkelt: forholdet teori — praksis. I den seinare tid er dette problemet ofte trekt fram. Likevel ikkje ofte nok. Kva kan så vera grunnen til at dette problemet ikkje er teke omsyn til i like stor grad som i utviklinga elles?

Miljøet på arbeidsplassen

For ikkje svært mange år sidan var vi ein arbeidsgjeng, i fleire høve det dob-

belte av det vi er i dag. Vi følte at det var eit miljø på arbeidsplassen lokalt, og var nøgde med det. Trongen for impulsar og informasjon utanfrå var ikkje til stades i den grad at den vart sakna. Likevel må ein vel seia at det er her vi har feila. Vi les i massemedia om reduserte, og stundom helt nedlagde arbeidsplassar. Ein registrerar dette, men i det lengste skyv ein det frå seg med den tanken at det vedkjem ikkje meg/oss. Fyrst når ein oppdagar at mannskapstyrken er halvert, arbeidsdagen og vakta vert oppsett og fordelt på dei enkelte, slik at ein til sist er overleten til seg sjølv, åleine på arbeidsplassen, i beste fall to stykker saman nokre dagar i veka, ja, då reagerar ein. Då kjem spørsmålet: Er arbeidsplassen min i ferd med å miste det vesentlige? Kjensla av å vera ein lekk i kjeda for å halde maskineriet i gang? Eg brukar ordet maskineri med vilje, for å poengtera at den menneskelege faktor er på full fart til å reduserast kraftig. Det er vel å setja det litt på spissen, men tanken er der, roboten hadde vore lettare å hanskast med.

Informasjon er svært aktuelt

Kva slag informasjon? Vi veit at rundskriv, både frå organisasjonen og ellers frå etaten, skal sendast ut til dei tilsette. Kva skjer? Jau, på dei stadar der ein har oppslagstavler på den faste arbeidsplassen verkar dette godt. Men ute i distriktet, der det er vel så viktig å få ut informasjon, der kjem det i beste fall eit og

Vedlikehaldet og framtida

Eg har i den siste tida vore vitne til ei dårleg utvikling innan vedlikehaldet, og eg synest det er på tide å gjere noko med dette.

Det ser ut til at alt som heiter vegvedlikehald skal kuttast ut berre ein får lagt svart dekke. Dei eldre, trufaste vegvaktarane skal visst nå skiftast ut med vegmeistrar, oppsynsmenn, oppsynsmannsassistentar og private maskinar.

anna skriv. Tendensen er at ein eller annan stad på vegen vert det liggjande — gløymt.

På kurset, moderne vegbygging, vart arbeidsplassen diskutert. Ein vegmeister sa at han kunne tenkja seg å kalla alle mann inn til byggjemøte. Så lite folk vi har att i dag, er det ingen problem å samla dei — avslutta han. Dette må takast som gode teikn i tida — men når ein samstundes tenkjer på han som har vore verneombod i over tre år utan å bli innkalla til eit einaste møte, ja, då haltar det.

Korleis ser ein på organisasjonen i denne samanheng? På den eine sida for lite informasjon som når ut, og så at vi einskildpersonar ikkje nyttar retten vår til å seie i frå, slik at vi vert høyrd.

Ein kan vel seie at vi har grunnlag for både å diskutere og å samarbeide oss fram til best mogeleg resultat. Det gjeld berre at vi nyttar oss av det, og har evne til å gjera det beste ut av situasjonen.

A. Berge

Det som då berre står att, er å få vegvaktarane pensjonerte, så er vedlikehaldet på vegane forbi. Eg trur ikkje dette er sunt folkeveitt i Hordaland Vegvesen sitt område og vil derfor stilla ein del spørsmål:

Kva skal gjerast med det svarte dekket som er utslite og fullt av hol dersom det manglar pengar til nytt dekke? Kven skal rydda stein og steinras i vegbana? Vil vegvesenet kanskje betala erstatning for skadde folk og bilar?

Kven skal halde auga med grøfter og kummar slik at vatnet renn rette vegen og ikkje øydelegg det svarte dekket?

Kven skal hogge og sprøyte skog og kratt der kantslåaren ikkje kjem til?

Kven skal halda kummar og stikkveiter reine for snø og is eller leite dei fram under høge brøytekanter?

Kven skal reparere teleskader? Kven skal reparere slike flaumskader ein har hatt dette året?

Kven skal halda skilta reine og i bra stand? Kven skal setja opp brøytestikker kvar haust? Kven skal støype ny kantstein etter kvart som ein berre legg nytt dekke over den gamle? Kven skal rydda grøft der ein ikkje kjem til med veghovel?

Dette er berre noko av det ein held på med, som, nå ser ut til å gå ut.

Eg vil i alle fall tru at vegvesenet ikkje vil ha noka økonomisk vinning på å skjera ned mannskapet i vedlikehaldet så å seie til null. Eg trur heller ikkje på det å erstatte dei med såkalla spesialgjenger, slik som t.d. skiltinga her i Hor-

Vinterforberedelsene tok til i mai!

Antall brøyteroder redusert i år

Svært få bruker sommeren til å tenke på neste vinter. Ikke desto mindre er det det vegmestrene og avd. ing. Olav Lundstad på vedlikeholdsavdelingen har gjort, og forberedelsene når det gjelder vintervedlikeholdet skulle nå være vel i havn. — Allerede i mai søkte vi etter brøytekontraktører, like over ferien hadde vi listene klare, og i november kunne vi skrive kontrakter, forteller Lundstad til Vi. — Vi står i år foran overgangen til en ny oppgjørform for de fremmede brøytebilene. Opplegget, som er utarbeidet av Vegdirektoratet, innebærer at de nye rodene blir klassifisert i fem klasser etter vanskelighetsgrad, kilometerprisene blir like over hele landet, og det skal forhandles innen hvert fylke om en fast godtgjørelse. Så lenge prisstoppen varer, blir det imidlertid ikke aktuelt å regulere prisforholdene.

daland nå har gått føre seg. Det vil falla nokså dyrt med opphaldsutgifter, reisekostnader og kortare effektiv arbeidstid.

Ein ting til bør nemnast i denne samanheng, og det er at arbeidsplassar går tapt i utkantdistrikta, der det er så få av dei frå før. Eg kunne ha tenkt meg at dei som sit i administrasjonen kom på arbeidsplassane og fekk høyra litt på meiningar og idear hos dei som dagleg arbeider i vedlikehaldet.

Eg ønskjer med dette at nokon innan etaten kan svare på korleis utviklinga innan vedlikehaldet er tenkt, og kanskje der er andre som har *si* meining om dette?

Ein av dei yngre i vedlikehaldet

96 kontraktører

De nye brøyterodene er jevnt over lengre enn før. Dette betyr at vi i år har 96 brøytekontraktører som skal ta seg av brøytingen i Hordaland, mot før 128. Færre roder vil bli brøytet i egen regi, fordi dette faktisk blir for dyrt. Arbeidsmiljøloven er en av årsakene til dette.

Følgende roder blir nå brøytet i egen regi:

Rv. 13 Dale — Hamlagrø
Rv. 13 Hamlagrø — Bulken
E 76 Fjæra — Gårdsbotn
E 76 Hordadalen — Ysteriet
E 76 Ysteriet — Midtlæger
Rv 7 Måbødalen

I «Vedlikeholdsstand for Statens Vegvesen» er det satt visse krav når det gjelder brøyting. På vegger med trafikk over 4.000 biler pr. døgn i gjennomsnitt, skal f.eks. ikke brøytingen ta mer enn to timer tur/retur. Rodelengden er satt til 25 — 40 km, og det skal ikke mer enn 2 cm løssnø til før en skal sette i gang brøyting.

Er trafikken derimot mindre enn 300 biler pr. døgn i gjennomsnitt i året, kan brøytingen ta inntil 5 timer tur/retur, rodelengden er satt til 35 — 45 km, og det skal 5 cm løssnø til før en behøver gå i gang med brøyting.

Samme service

— Blir brøytingen like god som før nå når ordene er blitt lengre?

— Rodene var nok i korteste laget, og ettersom de nye biltyperne er i stand til å brøyte mer effektivt på kortere tid enn det som var mulig før, tror vi at servicen blir like god som tidligere vintre.

VINTERFORBEREDELSENE

Beredskapen

— Hvordan blir beredskapsplanene?

— I likhet med 1978/79 vil det ikke bli beredskap på andre veger enn de vi brøyter i egen regi og på vegene i Bergensområdet, inkludert Askøy, sier Lundstad. Her vil beredskapstjenesten fungere på hverdager etter oppsatte lister, og målet er å få fram nyttetraffikken.

I Fana og Laksevåg vil folkene våre rykke ut mellom kl. 03.00 og 07.00 når det er behov for det, mens folkene i Åsane og på Askøy i år har ønsket å endre tiden til kl. 21.00—01.00. Dette har vi gått med på som en prøveordning. For det første er det lettere å purre ut folkene da, og for det andre vil publikum ha anledning til å ringe inn meldinger. Det skal utføres forebyggende tiltak for at vegene skal være farbare om morgenen.

Beredskapen tok til i uke 47 og varer til påske.

— I fjor opplevde vi en kraftig reduksjon i brøyteberedskapen. Er dette tilfelle også i år?

— Nei, beredskapsnivået blir som i fjor. For øvrig fikk vegmestrene svært få klager i fjor. Når en tar vær- og føreforholdene i betraktning, skyldes dette sannsynligvis at det gikk ut grundig informasjon til presse, busselskaper, politi og lensmenn, noe som også vil skje i år.

Røa.

«BLÅTUR» 1979



Bildet viser fra v. Eli Bruknapp, Gunn Nordvik, Aslaug Amundsen, Sølvi Wold og Ruth Furhovden, underholdt av John Ellefsen og Georg Bye-Pedersen (bak tulipanen).

Hyggelig bilde av noen av vegkontorets damer? Bildet er tatt under vegkontorets «blåtur» i sommer. Turen gikk til kraftanlegget i Modalen, videre over Eksingdalen, Brekkhus og Teigedalen ned til Evanger, og så til Stalheim, der det var overnatting og fest om kvelden. Etter en titt på anlegget på Stalheim søndag morgen, gikk ferden tilbake til Bergen med tog.

Ein dag skulle avdelings-ingeniøren godta ein ferdig akkord på eit veganlegg i distriktet. Med i akkordlaget var også ein sokalla bygdeoriginal.

Ingeniøren gjekk over den ferdigplanerte vegbana og kika mellom anna på pukklaget. Der ser han ein fast fjellskolt stikka opp mellom pukklaget. Nei denne er for høg, den må sprengjast vekk, seier ingeniøren. Men då var den omtalte bygdeoriginalen snar å svara: — Nei «gudlabaden», den er ikkje for høg men det ligg ikkje pukk på den.

M. Skår

Endeleg slepp Ytre Arna all trafikken!


Vegen mellom Orfallet og Festtangen vart opna 23. nov.

Frå og med 23. november har dei som bur i Ytre Arna fått oppleve ei radikal betring i trafikktilhøva i samfunnet deira. Riksveg 560 går ikkje lenger gjennom sentrum, men er lagt ovanfor bygda, dels i to tunnelar, Bjørkhaugtunnelen og Særetunnelen.

— Vegen frå Orfallet til Festtangen som vart opna denne fredagen, er 2.800 m lang, med ein 400 m ramp for av- og påkøyring ved Festtangen. I dei to tunnelane, som er på 500 og 700 m, fekk vi pålegg frå Vegdirektoratet om å gjere forsøk med ulike dekketyper, fortel anleggsleiar Ottar Midtkandal til Viv. — I Særetunnelen har vi prøvd 11 ulike me-

